



Vinje kommune

Kultur

--

Arkiv saknr:	2020/462
Løpenr.:	962/2020
Arkivkode:	C56

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Oppvekst- og velferdsutvalet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Signe Marie Kittelsaa

## Avtale med Forsvarsmuseet frå 2020

### Vedlegg:

- 1 Framlegg til avtale mellom Vinje kommune og Vener av Forsvarsmuseet
- 2 Overtaking av drifta av VinjeForsvarsmuseum

### Bakgrunn:

Da saka var oppe sist blei den utsett på nytt, bl.anna grunna usikkerhet rundt økonomien. Det blei sett ned eit arbeidsutval som skulle greie ut moglege overtaking av Forsvarsmuseet. Medlemar i arbeidsutvalet er ordførar Jon Rikard Kleven, Kultursjef Signe Marie Kittelsaa, medlem av OVU Kjetil Nessæther og to representantar frå Venelaget; leiar Halvor Øygarden og våpenansvarleg Olav Ålandslid. Arbeidsutvalet hadde møte 9. januar. Det kom fram at det nye OVU ikkje hadde nok bakgrunnsmateriale og kjennskap til avtala, då denne ikkje var tydeleg lagt ved når saka var oppe sist. Det var også usikkerheit knytt til det økonomiske.

Kultureininga har i alle år ytt ulik stønad til Forsvarsmuseet utan at det har vore fast avtale på det. I 2019 kjøpte kommunen ny flaggstang og nytt informasjonsskilt ved rasteplassen. Næringskontoret gav dei tilskott for å halde orden rundt i området, klyppe plen og plukke søppel. Når det gjeld vedlikehald av huset så er det TDV si oppgåve. Det er på tide å vøle tårnet da det er råte og det lek inn vatn. Det er ein del våpen i samlinga som må plomberast av sertifiserte folk, det kostar pengar og vil ta tid.

### Vurdering:

Ordførar Jon Rikard Kleven gjekk inn for å ta opp med formannskapet at ein løyver kr 100 000.- til Kultureininga for å drifte Forsvarsmuseet. Dette er ein viktig del av historia vår som me må hegne om. Ein har i Veteranplanen sett ned ein del tiltak som ein skal gjennomføre, blant anna å markere 8. mai kvart år som Veterandag og Frigjeringsdag. Kultureininga lagar eit årshjul saman med Venelaget der ein legg inn faste programpostar

slik som: Den lokale DKS for ungdomsskulen har vitjing på Forsvarsmuseet same dag som dei vitjar Kommunehuset, Museet er ope på Vinjedagen og på faste tider i juli. Det er også ope for grupper som tingar omvising. Det blir markering kvar 8. mai med blomar og ope museum. Det blir lagt ned blomar 17.mai. Filmen som er tatt opp med Paul Strandskogen som omvisar blir gjort kjent. Denne er fin å bruke som ei alternativ omvising og for å lære opp nye omvisarar. Venelaget må levere eit årsbudsjett og eit revidert rekneskap til kultureininga. Venelaget må også halde orden på sal av bøkar og inngangsbillettar.

Kommunikasjonen mellom Kultureininga og Venelaget må bli formalisert mellom anna ved at kultur blir invitert til styremøta i Venelaget slik det står i avtala. Kontaktpersonen for å legge til rette for markering av 8. mai er våpenansvarleg Olav Ålandslid.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

- 1. Vinje kommune tar over ansvaret for drifta av Forsvarsmuseet**
- 2. Vinje kommune løyver kr 100.000.- ekstra i kulturbudsjettet til administrasjon av drifta**
- 3. Vinje kommune godtar den avtala som ligg føre**
- 4. Vinje kommune har møte – og talerett på møter i Vener av Forsvarsmuseet**
- 5. Vinje kommune v/kultur lagar eit årshjul for Forsvarsmuseet**
- 6. Vinje kommune markerar 8. mai kvart år**

Rådmannen, 20.01.20

Jan Myrekrok, rådmann /s/